



Nærmare 70 lærte meir om hagestell.

Uskedalen må ha ein veksande posisjon som møteplass i Kvinnherad. I kveld møtte det fram 30 til strikkekafe i Gamleskulen og nærmare 70 til hagemøte på AFA sjølv om dei to arrangementa kolliderte med kvarandre tidsmessig.



Herborg Nordvik og Dagfrid Nordvik Våge kom heilt frå Samnanger til strikkekafeen . Her handlar dei hos Kristlaug Bjørke. Strikkekafeen hadde denne gongen lokka folk så langt unna som i Samnanger og det var ikkje rart at Kristlaug Bjørke, som stilte opp med garn og oppskriftar, smilte der ho opererte på bakrommet.



[Elna Marie Fludal](#) som leiar hageselskapet på Husnes ønskjer [Anne Tafjord Kirkebø](#) (til høgre) velkommen

På AFA der Husnes og Kvinnherad Hageselskap inviterte til møte var det folk frå heile Kvinnherad og lysbilledkåseriet til Anne Tafjord Kirkebø frå Bergen innfridde fullt ut forventningane om idear og praktiske råd om kva ein bør gjera med hagen. Ho hadde henta dei mange stader, frå Sotra til England. Kombinasjonen av stein, vatn, grønt og fargar kan gjera underverker - det fekk ein i høgste grad sanne under framsyninga.

Blant mange gode tips var det om å bruka meir stein eitt av dei beste. Så er det da også svært så populært for tida og her er det berre fantasien som set grensar. Farga sement som ein leggjer stein i er ein variant.

Eit anna råd var å la trestubbane stå att under opparbeidinga av hagen. Tafjord Kirkebø hadde også ei svært hyggjeleg overrasking sett gjennom lokale brillar: Ho presenterte bilete frå den praktfulle og begonia-dominerte hagen til Bjørg og Olav Hauge i Halsabrotet. Og ho runda av med ein sekvens frå ein unik Stord-hage som er tydeleg Japan-inspirert og som manar fram fred, ro og inspirasjon.

- Eg har aldri sett ein stygg hage, men mange som ikkje eg ville lage maken til, sa den diplomatiske bergensar.

Ho var lektor men dei siste 13 åra
har ho konsentrert seg om hagekunnskap og har inspirert mange.



Vakkert i Halsabrotet (Foto: Anne Tafjord Kirkebø)

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen og Anne Tafjord Kirkebø



Stein i bregner - ein vellukka kombinasjon. (Foto: Anne Tafjord Kirkebø)